

# Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 11. april 2012, kl 19.00 – 21.30.

Til stades: Sidsel Haugen, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken, Einar Ystevik, Ole-Gisle Vassel.

Bjørge Samland og Marta Samland var invitert til møtet for å informere om planlagt aktivitet på Krambua i Vik i sommar. Marta har hovudansvaret for planlegging og koordinering av drifta. For at Krambua skal verte meir synleg og lettare å finne fram til for ukjende er det ynskjeleg å montere eit skilt med teksten "KRAMBUA" på gavlveggen mot fylkesvegen. Einar Ystevik tek spørsmålet opp med huseigar og innhentar eventuelt forslag til utføring av skilt og kostnadsoverslag. Eit "50-års lag" kjem til bygda laurdag 14. april, dei ynskjer omvisning på Krambua og på Båtbyggjarmuseet. Marta og Bjørge står for dette på Krambua og Sverre Haugen på Båtbyggjarmuseet.

## Sak 1, Konstituering av styret.

Leiar: Sidsel Haugen (vald av Årsmøtet).

Styret konstituerte seg slik:

Nestleiar: Einar Ystevik.

Kasserar: Gerd Haugen.

Skrivar: Ole-Gisle Vassel.

Styremedlem: Jane Lene Svåsand.

Styremedlem: Britt Heidi Selsvik.

Styremedlem: Sigmund Eiken.

Styret sin ungdomsrepresentant i Kultur- og Trivselsgruppa: Jane Lene Svåsand.

Styret sin representant i Herand Bygdeblad: Einar Ystevik.

## Sak 2, Bygdedugnad.

Den årlege bygdedugnaden er sett til laurdag 28. april. Leiar sender invitasjon til eit planleggingsmøte for dugnaden til lag og organisasjonar i bygda (18. april kl 19.00). Sigmund gjennomfører planleggingsmøtet og har hovudansvar for planlegging av dugnaden.

## Sak 3, Ekstraordinært årsmøte.

Årsmøtet 27.03.2012 gav fullmakt til at styret i bygdelaget saman med styret i barnehagen avklarar barnetal, dispensasjon frå utdanningskravet og økonomisk konsekvens for vidare drift av Herand Barnehage og legg dette fram i ekstraordinært årsmøte innan 1. mai 2012. Desse avklaringane er enno ikkje avslutta, leiar og kasserar i bygdelaget og barnehagestyret arbeidar vidare med dette, ekstraordinært årsmøte må difor utsetjast. Styret vedtok å flytte det ekstraordinære årsmøtet til 22.05.2012.

## Sak 4, Ymse.

1. Leiar la fram årsplan for styremøter i 2012. Denne vart godkjend.
2. Motteke brev i samband med drift av turstiane vert oversendt til Herand Landskapsark.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.